



**FAGFORBUNDET**  
Solund

## **Handlingsplan 2024 - 2026**

**Fagforbundet avd. 546 Solund**

**Vedtatt på årsmøtet den 08.02.2024,  
Godkjent av årsmøte 30.01.2025**

### **Innleiing**

*Fagforeininga sin aktivitet og utfordringar på kort og lang sikt.  
Målsetjing og planer i perioden 2024 og 2025.  
Handlingsplan skal lagast for 2 år.(nytt)*

**Strategiplanen 2024 - 2026**

Strategiplanen er landsstyrets prioritering av arbeidet i heile organisasjonen. Eit av hovudmåla for Fagforbundet er auka tariffmakt. Den gir oss styrke til å ivareta medlemmene sine interesser overfor arbeidsgivar og i samfunnet, sjå Strategiplan 2024-2025. Følgande område er prioritert:

- Heiltid, likeløn og kampen for mindre forskjellar.
- Gode offentlege tenester med eigne tilsette.
- Organisasjonsbygging og tariffmakt.
- Fag- og tenesteutvikling.
- Alliansebygging, myndigheitskontakt og fagleggpolitisk påverknadsarbeid.
  
- Digitalisering.

### **Heiltid, likeløn og kampen for mindre forskjellar**

#### **Hovudmål 2024-2026**

- Fleire kommunar har starta arbeidet med å etablere ein heiltidskultur.
- Færre jobbar deltid, og fleire av Fagforbundet sine medlemmar har heile, faste stillingar.
- Lønsgapet mellom kvinner og menn blir mindre.
- Forbetra og trygga medlemmane sine pensjonsrettar. Målretta innsatsen i privat sektor og tariffesta kjønnsnøytrale og livsvarige pensjonsordningar.

#### **Fagforeiningas mål:**

**Sikre medverknad i forkant av utlysingar.**

**Krevje at stillingar som hovudregel lysast ut som heile faste stillingar.**

**Arbeide for at deltidstilsette får auka stillingsprosent.**

### **Gode offentlege tenester med eigne tilsette**

#### **Hovudmål 2024-2026**

- Konkurransetsetting, privatisering og sosial dumping motverkast gjennom påverknadsarbeid, kartlegging, kunnskap og skulering.
- Offentleg finansierte tenester blir ikkje konkurransetsette, og ein større del av tenestene i kommunar, fylkeskommunar og helseføretak driftast med eigne tilsette.
- Styring og leiing i offentleg sektor bygger på tillit og treparsarbeid.

#### **Fagforeiningas mål:**

**Vere i forkant av politiske møter for å påverke og behalde offentlege tenester.**

### **Organisasjonsbygging og tariffmakt**

#### **Hovudmål 2024-2026**

- Styrka tariffmakt i KS-området.
- Styrka tariffmakt i NHO-området.

- Ti prosent auke av lærlingmedlemmar.
- Ti prosent auke av studentmedlemmar.
- Tillitsvalde nyttar forbundet sine ulike kommunikasjonsplattformer i arbeidet.
- Tillitsvalde har kompetanse og verktøy til å utøva sitt verv.

**Fagforeiningas mål:**

**Kartlegge vervepotensial og lage plan for å bevare og styrke forbundets posisjon.  
Verving av nyttilsette.**

**Fag- og tenesteutvikling**

**Hovudmål 2024-2026**

- Prioriterte yrkesgrupper og område er synleggjort.
- Fleire medlemmar har tilbod om relevant kompetanseheving.
- Talet på læreplassar samsvarer med arbeidets og samfunnets behov.
- Fagforbundet er ein aktiv aktør i klimapolitikken, og medlemmane tar del i det lokale klima- og miljøarbeidet.

**Fagforeiningas mål:**

**Få på plass kompetanseplanar i alle sektorar.**

**Sikre at medlemmane får faglege tilbod.**

**Arbeide for at det etablerast fleire læreplassar og at fleire tek fagbrev.**

**Bruke EI-bil som miljøvenleg framkomstmiddel i kommunen.**

**Alliansebygging, myndigheitskontakt og fagleg politisk påverknad**